
Saksnr: 2021/46861-4
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.11.2021

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket - føringar til Innovasjon Norge 2022

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring støttar landbrukspartnarskapen sin prioritering av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2022.
2. Hovudutval for næring ber om at brev til Innovasjon Norge om prioritering i forvaltning av IBU-midlane 2022 blir sendt slik som det er lagt ved i denne saka.
3. Hovudutval for næring gjev fylkesdirektøren mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane etter møtet med landbrukspartnarskapen i april 2022.

Samandrag

Fylkeskommunen leiar den regionale landbrukspartnarskapen. Handlingsplan for landbruk i Vestland, vedteke i hovedutval næring, gjer føringane for det regionale arbeidet med næringsutvikling i landbruket i vårt fylke. Når det gjeld bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) har den regionale landbrukspartnarskapen høve til prioritere mellom produksjonar og regionar. Fylkeskommunen leiar arbeidet og formidlar dei regionale føringane til Innovasjon Norge. Fylkeskommunen har samla den regionale landbrukspartnarskapen og drøfta prioritering av midlane for 2022. Den regionale landbrukspartnarskapen har vorte samde om ei prosentvis fordeling mellom produksjonane. Fordelinga er: 52% til mjølk, 9 % til sau, 11% til andre husdyr, 20 % til grønt og 8 % til tilleggsnæringar. I skrivande stund er ikkje IBU-ramma for Vestland 2022 fastsett. Truleg vil Vestland få 90 millionar til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2022.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen leiar den regionale partnerskapen innan landbruksbasert næringsutvikling. I Vestland er handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 det førande dokumentet for næringsutvikling innan landbruk. Oppdraget til fylkeskommunen på landbruksfeltet blir gitt av Landbruks- og matdepartementet. Oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet til fylkeskommunane brukar å kome i januar. Sjølv om oppdragsbrevet for 2022 ikkje er kome, blir denne saka lagt fram for hovudutvalet. Det er tidkrevjande og omfattande for bonden å utvikle gode prosjekt og søknader. Difor ynskjer Innovasjon Norge i samarbeid med landbrukspartnerskapen å starte arbeidet med å informere om rammene for IBU-midlane 2022 no mot slutten av 2021.

Om IBU-midlane

IBU-midlane blir løyvd over jordbruksavtalen. Dei blir forvalta av Innovasjon Norge på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Ein nasjonal forskrift og det årlege jordbruksoppgjeret legg føringar for forvaltninga av midlane. Nasjonale føringar seier at den regionale landbrukspartnerskapen kan prioritere mellom produksjonar og mellom ulike område i fylket. Under jordbruksoppgjeret i 2021 vart det satt av 679,5 millionar til IBU for 2022. Truleg vil Vestland få 90 millionar til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2022.

IBU-midlane 2021

Rapportering på bruken av IBU-midlane i 2021 skal inngå i rapporten som Innovasjon Norge elles sender til fylkeskommunen. I 2021 var det ei nasjonal ramme for grønt. Innovasjon Vestland jobba godt og rundt 19 millionar frå den nasjonale ramma gjekk til investeringar i frukt og grønt sektoren i Vestland.

Tabellen under syner ei midlertidig oversikt over bruken IBU -midlar i Vestland i 2021.

Forbruk av IBU-midlar i Vestland per 12.10.2021						
Produksjon	Mjølkk	Sau	Andre husdyr	Grønt	Tilleggsnæring	Sum
mill. kroner	48 000	8000	15 000	19 000	8000	98 000
Prosent	49	8	15	20	8	100

Nasjonale føringar for IBU-midlane 2022

Det var brot mellom partane i jordbruksoppgjeret 2021. Regjeringa la fram ein proposisjon med forslag til jordbruksoppgjer som Stortinget vedtok. Den nasjonale ramma for IBU 2022 er 679,5 mill. kroner. Proposisjon inneheldt også nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlane. Føringane for 2022 er lista opp under.

- Stønad til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast før produksjonar med marknadspotensial.
- Det kan gjevast investeringstilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet, samt til biorestlager med fast toppdekke og med kapasitet til sesongbehovet for biorest. Det kan også gjevast tilskot til anlegg med gjødselseparator. Tilskotet er avgrensa til 25 pst. av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket med en øvre grense på 200 000 kroner per prosjekt.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysningar skal prioriterast. Ved bruk av tre som byggemateriale, kan det i tillegg gis eit tilskot på inntil 20 pst. av innvilga tilskot etter § 3 c, første ledd i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, avgrensa oppover til 400 000 kroner. Det skal tas omsyn til graden av trebruk i prosjektet ved utmåling av tilskot.
- Stønad til frukt-, grønt- og veksthusnæringa skal prioriterast. Det kan gis tilskot til investering, kompetanse- og produktutvikling til produsentar i grøntnæringa. Nye produsentar bør prioriterast ved marknadsvekst. Småskala produksjon av grønsaker, frukt og bær er ein del av målområdet
- I kornproduksjonen skal tilskot til tørke- og lageranlegg prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket.
- Ulike eiger formar skal likestillast ved prioritering mellom søknadar

- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av stønad. Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med 15-30 kyr
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd og behov for fornying av driftsapparatet.
- Økologiske produsentar som må gjere større investeringar som følge av endra krav knytt til implementering av EUs økologiregelverk, skal prioriterast.
- Det kan gjevast inntil 100 mill. kroner i risikolån der tapsavsetninga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.
- Strategiske føringar frå det regionale partnerskapet er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike områder i den enkelte regionen/fylket. Faglaga skal inngå i dei regionale partnerskapa.
- Maksimal prosentsats for tilskot til investeringar blir vidareført med inntil 35 pst. av godkjent kostnadsoverslag for investeringa. Den øvre grensa for tilskot på 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for Troms og Finnmark, blir også vidareført.

Medverking til regionale føringar for IBU-2022

Den 14. september og 12. oktober 2021 inviterte Vestland fylkeskommune den regionale landbrukspartnerskapen til drøfting om prioritering av IBU-midlane for 2022. Møte den 14. september var eit fysisk heildagsmøte på Voss. Møte den 12. oktober var digitalt. Organisasjonane som var til stades i tillegg til Vestland fylkeskommune var: Innovasjon Norge, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag og Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag. Landbrukspartnerskapen har avtala eit statusmøte for IBU-midlane i april 2022. Målet med møtet er å oppdatere kvarande og gjere mindre justeringar ved behov.

Regjeringa har i Hurdals-plattformen signalisert at det kjem ei investeringsordning som blant anna skal målrettast mot små og mellomstore mjølkebruk, for å følgje opp lausdriftskravet. Om dette påverkar dei regionale IBU-midlane tek landbrukspartnerskapen ei ny drøfting.

Regionale prioriteringa for IBU 2022

Landbrukspartnerskapen legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar ei tenleg geografisk fordeling av prosjekt. Geografisk fordeling av prosjekt vert tema på møte i partnerskapen april 2022. Tabellen under syner korleis den regionale landbrukspartnerskapen meiner at IBU-midlane skal fordelast mellom produksjonane. Den nasjonale grønt ramme blei i jordbruksoppgjeret 2021 flytta over til den regionale IBU-midlane.

Prioriteringar mellom produksjonar for regional ramme IBU Vestland 2022

Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr	Tilleggsnæring	Grønt
Prosentdel av ramma	52%	9%	11%	8%	20%

Mjølke er den berande produksjonen i Vestland fylke og står for over halvparten av verdiskapinga i landbruket. Nesten alle kommunar i Vestland har mjølkeproduksjon. Det er viktig å støtte opp om mjølkeprodusentar i fylket og legge til rette for at dei kan møte krava som kjem i 2024 og lausdriftskravet som kjem i 2034. Omlægging til lausdrift og rekruttering av nye mjølkebønder er sentralt for å halde på verdiskapinga.

I 2022 og framover vil truleg mjølkebønder som ikkje kan legge om til lausdrift vurdere å legge om til kjøt. Det er positivt om det blir lagt til rette for at dei kan gjere investering på ammeku. Dei som vil bruke gras i framtida bør få moglegheit til det.

Sau er den nest største produksjonen i Vestland. Vestland er godt eigna til sau, med gode beiter og lite rovdyr. Sauebønder i fylket har behov for investeringsmidlar for å fornye sauefjøsa og vere konkurransedyktige. Dette behovet må balanserast mot marknaden og totalproduksjonen av sauekjøtt.

Gode og store nok gjødsellager med tak er sentralt for å hindre forureining. Finansieringsordninga av gjødsellager slik den er i dag er ikkje god nok, og i 2021 var det få saker. Det er positivt at jordbruksoppgjeret for 2021 gir rom for å støtte tak på eksisterande gjødselkum, men øvre grense per prosjekt er ei utfordring for mange som ynskjer å investere. Fram til finansieringsordningar for gjødsellager blir betre har partnerskapen valt å la gjødsellager inngå i kategorien andre husdyr.

Vestland fylke har avlingar av god kvalitet og høgt volum innan frukt, bær, grønt og potet. Det er potensiale for å auke den norske marknadsdelen på frukt og grønt. Det bør bli lagt til rette for auke i lokal verdiskaping knytt til frukt, bær, potet og grønt. Auke i siderproduksjon i regionen gjer at det er behov for auke i den totale epleproduksjonen i fylke.

For å sikra større variasjon i næringsgrunnlaget på gardane må det leggest til rette for tilleggsnæringar. Dei siste åra har det vore ei stor satsing på foredling av eple, mjølk og kjøt. Denne satsinga må halde fram.

Vestland fylkeskommune jobbar for at FN sine klima- og berekraftmål blir nådd. Det er viktig for fylkeskommunen at bruken av IBU-midlane bidreg til å nå desse måla. Ny teknologi, klimasmarte løysingar og berekraft er viktig for alle landbruksproduksjonane i Vestland. IBU-midlane bør så langt det lar seg gjere legge til rette for at ny teknologi og klimasmarte løysingar vert nytta av alle landbruksproduksjonar i Vestland.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har mynde til å gje føringar til Innovasjon Norge om bruken av IBU-midlar.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant for fylkeskommunen sin økonomi.

Klima:

Kan gje positivt effekt ved at landbruket forvaltar viktige landskapsverdiar.

Folkehelse:

Aktivt landbruk i heile fylket er positivt for folkehelse

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar. 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune sender oppdragsbrevet til Innovasjon Norge slik det er lagt ved i denne saka.